

# Avtale mellom Samferdselsdepartementet og Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om belønningstilskudd til bedre kollektivtransport og mindre bilbruk 2011 – 2014

## 1. GENERELT

Samferdselsdepartementet inngår med dette avtale med Bergensområdet om tildeling fra belønningsordninga med til saman 550 mill, kr. for perioden 2011-2014 med følgjande årlege beløp:

2011: 70 mill kr  
2012: 150 mill kr  
2013: 168 mill kr  
2014: 162 mill kr  
**Sum: 550 mill kr**

Avtale er inngått med utgangspunkt i belønningssøknaden frå Bergensområdet datert 3. februar 2010 (revidert 5. februar) som vedteken i fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune den 18. februar 2010 og i komité for miljø og byutvikling i Bergen kommune den 11. februar 2010, og dei presiseringane som kjem fram av denne avtalen.

Strategiar og tiltaksgrupper, jf punkt 3 i denne avtalen, syner bruken av midlane og utgjør saman med søknaden grunnlaget for oppfølging av avtaleforholdet. Søknad datert 3. februar 2010 (revidert 5. februar) og oppdatert tiltaksplan for 2011-2014 (sendt som vedlegg i oppfølgingsbrev frå Bergensområdet datert 15. oktober 2010) er vedlegg til avtalen.

Tilskot for 2011 vert utbetalt i 2011 når partane er samde om grunnlag for tildelinga. Tilskot for 2012, 2013 og 2014 vert utbetalt i samsvar med årlege avtalebeløp innan den 1.3. kvart år. Utbetaling av årlege avtalte beløp innan 1.3 føreset at rapportering for sist år er sendt Samferdselsdepartementet innan 31.1 og at Statens vegvesen har kvalitetssikra rapporten på oppdrag frå departementet. Avtalen er inngått med føresetnad om Stortingets samtykkje om utbetaling av dei årlege beløpa.

Dersom grunnlaget i avtalen på vesentlege punkt ikkje er følgt oppfrå byområdet si side i siste år utan at det er gode grunnar til det, kan departementet redusere eller nullstille endeleg tilskot i påfølgjande år. Det same gjeld dersom planlagde tiltak ikkje vert gjennomført, og at dette i betydeleg grad vil kunne påverke forventa resultatoppnåing.

Byområdet kan ikkje lastast for forseinking eller manglande oppfølging av tiltak staten har ansvaret for (forseinka sentral handsaming av bompengesøknader, forseinkingar i planar og investeringstiltak som Statens vegvesen har ansvaret for, m.m.) Slike forseinkingar gjev difor ikkje grunnlag for å redusere det endelege tilskotet i høve til avtalegrunnlaget.

Når årlege tilsegn om tilskot er gjevne er desse endelege. Tilskotet kan ikkje krevjast tilbakebetalt med mindre tilskotet ikkje er brukt i samsvar med formålet med belønningsordninga. Tilskotet skal utbetalast til Hordaland fylkeskommune.

Gjennom Bergensprogrammet er det etablert eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Statens vegvesen. Styring av belønningsmidlane vil skje innanfor dette samarbeidet saman med tiltak finansiert gjennom Bergensprogrammet. Dette sikrar ei god samordning av tiltak som vert finansiert frå ulike kjelder. Hordaland fylkeskommune vil, i samråd med aktuelle kommunar ha ansvar for styring av tiltak utanfor Bergen kommune.

## **2. HOVUDMÅL FOR PERIODEN 2011-2014**

Det er ei målsetting at tiltak finansiert gjennom belønningsordninga for betre kollektivtransport og mindre bilbruk, skal medverke til betre framkomme og å oppfylle klimapolitiske mål og mål om eit betre bymiljø i tråd med målsettinga for samarbeidet i Framtidens byer. Tilskot frå belønningsordninga skal nyttast til finansiering av tiltak som kan medverke til å redusere biltrafikken og auke bruken av kollektivtransport og sykkel i Bergensområdet. Som effektmål har ein i denne avtalen valt følgjande målsetting for biltrafikken i Bergensområdet:

- Den samla biltrafikken i bompengeringen i Bergen skal ikkje auke i avtaleperioden sjølv om befolkninga og/eller talet på arbeidsplassar aukar.
- Biltrafikken inn mot Bergen sentrum skal i perioder med stor andel av arbeidsreiser, reduserast med 5 % i 4-årsperioden.

SVV vil følgje trafikkutviklinga i tellepunkt utanom bomringen for å sikra at passeringar gjennom bomringen gir eit representativt bilete av trafikken over tid. Referanseåret for vurdering av trafikkutviklinga er 2010.

## **3. STRATEGIAR OG TILTAKSGRUPPER**

For å oppnå måla for trafikkutviklinga skal det fastsetjast ein tiltaksplan for 2011-2014. Det vert lagt til grunn at måloppnåing i perioden er avhengig av framdrifta i gjennomførte tiltak.

Her følgjer ein kort presentasjon av sentrale tiltak innanfor kvar tiltaksgruppe:

### **Tiltaksgruppe 1: Tiltak for å redusere privatbilismen**

1. Seinast innan utgangen av 2011 skal det fattast vedtak om bruk av restriktive virkemidlar som er eigna til å redusere biltrafikken og auke bruken av alternative

transportmidlar. Eit slikt vedtak er ein føresetnad for utbetaling av midlar i 2012, 2013 og 2014.

2. I samband med vedtaket skal det og ligge føre ein konkret handlingsplan for korleis måla for trafikkutviklinga skal nåast og korleis inntektene skal fordelast dei næraste åra.

### **Tiltaksgruppe 2: Tiltak for å gjere kollektivtrafikken meir attraktiv**

Styrke rutetilbodet og kvaliteten på kollektivtransportsystemet for å oppnå eit konkurransedyktig kollektivtilbod med tilstrekkeleg kapasitet. Sikre full framkomst for kollektivtrafikken gjennom vidare utbygging av bybanen og etablering av sambruksfelt og kollektivfelt.

### **Tiltaksgruppe 3: Tiltak for ei meir berekraftig areal- og transportplanlegging**

I samsvar med kommuneplanen sin arealdel for Bergen (utkast til revidert arealdel), skal minst 80 % av framtidig bustadbygging i Bergen kommune skje som fortetting (langs bybanestopp, bydelssentra og lokalsentra). Utvikle samarbeidet i Bergensområdet gjennom etablering av Regionpakke Bergen som ei vidareføring av Bergensprogrammet, samt utarbeide ein Regional plan for utbyggingsmønster, arealbruk og transport i Bergensområdet (samordna areal- og transportplan).

### **Tiltaksgruppe 4: Tiltak for å bidra til meir gange/sykling**

Gjennomføring av sykkelhandlingsplanen for Bergen. Sykkelstrategien for Bergen 2010-2019 vart vedteken i bystyret i Bergen 26. april 2010 og fylkesutvalet har slutta seg til hovudmål og hovudgrep i sykkelstrategien (23. september 2009). Handlingsplanen er knytt til kva som må til for å nå dei måla som er satt i strategien. For ei meir detaljert skildring av aktuelle tiltak innanfor dei fire tiltaksgruppene sjå vedlagte tiltaksplan 2011-2014.

## **4. DISPONERING AV TILDELTE MIDLAR I PERIODEN**

Tabell 1 viser ei førebels disponering av tildelte midlar i perioden. Handlingsplanen, som er omtalt under punkt 3, vil danne grunnlag for den endelege disponeringa av tildelte midlar.

**Tabell 1 Oversikt over tiltak og foreløpig disponering av tilskot i 4-årsperioden 2011-2014**

Tiltak	2011	2012	2013	2014	2011 - 2014
Vidareføring og utvikling av taksttiltak og nye rutetilbod	30	25	20	15	90
Framkomsttiltak for buss	3	15	30	57	105
Informasjon og marknadsføring	2	5	7	16	30
Sykkeltiltak	3	14	30	23	70
Fortetting og konsentrert byutvikling langs bybanetraseen	2	1	1	1	5

Bybanen 3. byggetrinn	30	90	80	50	250
<b>SUM Belønningsmidlar</b>	<b>70</b>	<b>150</b>	<b>168</b>	<b>162</b>	<b>550</b>

### Vedlegg:

- Søknad frå Bergensområdet datert 3 februar 2010 (revidert 5. februar) med tilhøyrande politiske vedtak.
- Tiltaksplan 2011-2014.

## 5. SIGNERING

Magnhild Meltveit Kleppa  
Samferdselsminister

Torill Selsvold Nyborg  
Fylkesordførar i Hordaland

Lisbeth Iversen  
Byråd i Bergen